

2020/41328-9

Saksnr: Harald N. Offerdal, Kristin
Saksbehandlar: Arnestad, Ingjerd Skogseid
og Hans Inge Gloppen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		16.09.2020
Fylkesutvalet		17.09.2020

Høyringsinnspel til planprogram - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Forslag til innstilling

1. Planprogram Regional plan for innovasjon og næringsutvikling blir vedteke slik det ligg føre og med endra framdriftsplan.
2. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling får ein planperiode på 10 år.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utarbeide mandat og føringar for arbeidsgruppene.

Samandrag

Planprogrammet til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling har vore ute på høyring. Vedlagt saka legg fylkesrådmannen fram ei oppsummering av høyringsvara med kommentarar (høyringsrapport). Innspel som ikkje blir tekne til følge blir kommenterte i sjølve saksutgreiinga. Fylkesrådmannen gjer i saka ei samla vurdering av høyringsrunden og legg med bakgrunn i denne fram eit revidert utkast til planprogram. Til slutt kjem også fylkesrådmannen med ei tilråding om endringar i framdriftsplanen og organiseringa av det vidare arbeidet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

1. Høyringsrapport
2. Revidert planprogram – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I høyringsutkastet til Vestland sin regionale planstrategi, «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024», er det meldt inn behov for ein «Regional plan for innovasjon og næringsutvikling».

Ein regional plan skal ifølgje plan- og bygningslova førebuast gjennom eit planprogram.

Hovudutval for næring vedtok si innstilling til høyringsutkast av planprogram for Regional plan for innovasjon og næringsutvikling den 14.05.20. Fylkesutvalet gjorde vedtak om å sende planprogrammet ut på høyring 08.06.20, med høyringsfrist 20.08.20.

Høyringsutkastet blei sendt 199 høyringsinstansar til uttale. Det har kome inn 44 høyringssvar, 4 av desse etter fristen.

Den 13.08.20 blei det arrangert eit vellukka digitalt høyringsmøte med 17 innleiarar som kom med sine innspel til høyringsutkastet. Partnerskapen var breitt representert blant desse, med representantar frå alle regionråda, Bergensregionen, utdannings- og forskingsinstitusjonar, næringslivsorganisasjonar og statlege etatar.

I tillegg har det i høyringsperioden vore dialogmøte med Innovasjon Norge og andre fylkeskommunale avdelingar.

Den administrative styringsgruppa har hatt konklusjonane (eige notat) og høyringsrapporten til gjennomlesing og merknader, før saka blei ferdiggjort frå fylkesrådmannen si side.

Planprogrammet har 4 viktige føremål:

- Avgrense val av plantema
- Sikre opplegg for medverknad i planarbeidet
- Avklare trong for utgreiingar
- Organisering av vidare arbeid

I denne saka er det gjort ei vurdering av høyringsinnspela, og det blir lagt fram eit endeleg framlegg til planprogram. Kven som har kome med høyringsinnspel, og ei oppsummering med vurdering av dei ulike innspela, finn ein i den vedlagde høyringsrapporten. I tillegg kjem fylkesrådmannen med ei tilråding til planperiode for sjølve planen – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Planperiode

Tidshorisonten for planen er ikkje drøfta i planprogrammet.

Koronapandemien har gitt oss utfordringar både på kort og lengre sikt, og kompliserer den langsiktige planlegginga.

Vidare skal «smart spesialisering» som metode innførast i Vestland. Dette vil påverke korleis vi prioriterer og innrettar arbeidet med næringsutvikling.

Det er likevel behov for ei langsiktigheit i planlegginga slik at fylkesrådmannen vil tilrå at planen har eit ti-års perspektiv. Endra premissar undervegs kan ein handtere gjennom dei årlege handlingsprogramma, og ved at den regionale planstrategien som skal utarbeidast i byrjinga av kvar valperiode, vurderer behovet for rullering og oppdatering av planen.

Vurdering av innkomne høyringssvar

Det er gjennomgåande tilslutnad til dei overordna måla og dei valde plantema. Dei fleste innspela vedkjem det vidare planarbeidet. Desse er anten føreslege vidaresendt dei ulike arbeidsgruppene som skal setjast ned, eller blir følgt opp administrativt. Konkrete endringsframlegg til planprogrammet blir kommentert i saka eller er av ein slik karakter at dei blir handtert redaksjonelt og endringane blir gjorde i det endelege utkastet til planprogram. Det går fram av vedlagde høyringsrapport korleis ulike innspel er handtert.

Fleire peikar på at planprogrammet må bli tydlegare på ein del område; til dømes rekruttering og kompetanse. Desse områda er kommenterte i vedlagde høyringsrapport. Her er det gjort tekstlege endringar og presiseringar i planprogrammet.

Framlegg til nye plantema

Eitt av dei viktige formåla med eit planprogram er å avgrense og prioritere val av plantema. Ein regional plan kan ikkje ta inn over seg alle gode ønskje, men evne å prioritere det som er viktig og i samsvar med overordna nasjonale og regionale føringar. Fylkesrådmannen står fast på å avgrense val av plantema og kjem difor ikkje med framlegg om nye plantema.

Fylkesrådmannen si vurdering av dei ulike framlegga:

- Innovasjon Norge og Invest in Bergen har kome med framlegg om «Eksport og internasjonalisering» som eige plantema. Fylkesrådmannen er samd i vurderingane i høve kor viktige eksportnæringane er for fylket, og framtidige utfordringar med å erstatte nedgangen som vil kome i eksporten frå oljeindustrien. Såleis har fylkesrådmannen gitt eksportnæringane ein tydlegare omtale i planprogrammet under plantema 1 «Omstilling og fornying». Dessutan at ein i det vidare planarbeidet skal ha eit spesielt fokus på eksport og internasjonalisering, i og med dei spesielle utfordringane ein her står overfor.
- Regionrådet for Nordhordland har framlegg om «Rekkefølgjekrav og konsekvensar for innovasjon og næringsutvikling» som eige plantema. Også andre har peika på at rekkefølgjekrav i reguleringsplanar/utbyggingssaker er utfordrande for kommunane. Dette er regulert i lov og forskrift. Problemstillinga blir oversendt arbeidsgruppa, som skal jobbe med plantema nr 4 «Arealbruk».
- Vidare har det same regionrådet kome med framlegg om «Infrastruktur, veg, kraft, telekommunikasjon og fiber» som eige plantema. Framlegget grip inn i fleire av dei føreslegne plantema og kan difor ivareta innanfor desse. Infrastruktur og veg blir også omtalt i andre regionale planar, men synleggjer behovet for samordning mellom dei ulike regionale planane.
- Samarbeidsrådet i Sunnhordland gjer framlegg om «Samferdsle» som eige plantema. Det kjem tydleg fram i fleire høyringssvar kor viktig samferdsle – veg, rassikring, ferjetilbod m.v. – er for næringsutvikling i både Bergensregionen og distrikta. Regional transportplan ivaretek plantemaet, men det kan vere fornuftig at ein i denne planen adresserer utfordringar som vedkjem andre regionale planar.
- Samarbeidsrådet gjer også framlegg om «Helse som næring» som eige plantema. Blir oversendt arbeidsgruppa for plantema 1 «Omstilling og fornying» for vidare handtering.
- Stord Næringsråd har lista opp ei rekkje plantema utan å kommentere desse nærmare: Næringsstrukturar - Omstilling og arbeidsplassutvikling - Bu- og arbeidsregionar - Attraktivitet - Digitalisering og teknologiutvikling - Kompetanse og forskning. Blir ivareteke innanfor dei valde plantema i planprogrammet.
- Vidare Sætre har gjort framlegg om «Korleis utvikle berekraftige og smarte byar» som eige plantema. Blir ivareteke under plantema nr 3 «Innovative samfunn og like moglegheiter til å delta i verdiskaping»

Framlegg til temaplanar

Regional planstrategi har i høyringsutkastet skissert ei målsetting om å avgrense talet på planar, både regionale-, tema og strategiplanar. Ei forenkling og samordning av planverket vil tene to formål – ei meir heilskapleg planlegging der ein ser samfunnsplanlegginga i samanheng, samt at det blir lettare for kommunane, regional stat, fylkeskommunen og ålmenta å måtte forhalda seg til færre planar.

Høyringsutkastet til Regional planstrategi har lagt opp til at fleire tema- og strategiplanar skal innarbeidast i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. I staden for eigne temaplanar er det tenkt at ein konkretiserer satsinga gjennom dei årlege handlingsprogramma. Etter høyringsrunden for regional planstrategi vurderer ein likevel å tilrå at det kan utarbeidast tema-/strategiplanar innanfor særskilde satsingsområde. Behovet for temaplanar kan anten vere forankra i regional planstrategi, eller regionale planar som Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Fylkesrådmannen tek ikkje stilling til framlegga til tema- og strategiplanar i denne omgangen, men legg til grunn at behovet for denne typen planar blir vurdert som ein del av det vidare planarbeidet.

Det har kome framlegg om følgjande temaplanar.:

- Rekruttering og utdanning
- Hydrogenstrategi
- Reiseliv
- Landbruk
- Industri
- Havbruk
- Energi

Vidare har det kome framlegg om «Regional strategi for massehandtering».

Medverknad

Det har kome mange innspel på medverknad. Partnerskapen ønskjer å bidra i planarbeidet, noko som kom klart fram på det digitale høyringsmøtet, og blir bekrefta i høyringssvara.

Det er også kome inn framlegg på utviding av den administrative styringsgruppa både med fleire representantar frå næringslivet, og med representantar frå kommunane.

Fylkesrådmannen legg opp til at ein administrativt sikrar god medverknad i samansetjing av arbeidsgruppene, gjennom dialogmøte undervegs i prosessen og i sjølve høyringsrunden for planen.

Fylkesrådmannen tek ikkje stilling til ei utviding av den administrative styringsgruppa i denne saka, men vil ta med seg innspela i det vidare planarbeidet.

Redaksjonelle endringar

Med bakgrunn i høyringssvara har fylkesrådmannen gjort redaksjonelle endringar i planprogrammet. Nokre av desse kjem fram av kommentarane i vedlagde høyringsrapport og blir ikkje kommenterte i saka.

Andre endringar er gjorde utifrå ei samla vurdering der fylkesrådmannen har sett eit behov for å gjere endringar. Til slutt så er det teke omsyn til nye føringar som fylkesrådmannen vil legge fram i den politiske handsaminga av Regional planstrategi. Dei to planane blir handsama i same møtet den 17.09, men endeleg vedtak av Regional planstrategi skjer i Fylkestinget i slutten av månaden. Det må difor takast atterhald om endringar som måtte kome etter den politiske behandlinga av Regional planstrategi.

Vidare er planoversikta oppdatert, også oversikta over tema- og strategiplanar som skal innarbeidast i planen. Det er også tydeleggjort at planar som skal innarbeidast opphøyrer som eigne planar – sjå elles drøftinga om nye temaplanar ovanfor.

Plantema nr 2 «Bergen som motor for innovasjon og næringsutvikling i samspel med resten av Vestland»

Her har vi prøvd å få tydelegare fram at heile Vestland skal takast i bruk. Bergen og regionale sentra vil vere motorar for busetting og næringsutvikling, men det er viktig at dette skjer i samspel med omlandet til Bergen og dei regionale sentra, og sikrar næringsutvikling i alle delar av fylket. Det vil vere ulik tilnærming, men målsettinga i regional planstrategi om å ta heile fylket i bruk bør kome tydelegare fram.

Vi har også fått tydelegare fram i planprogrammet at i Vestland har vi fleire sterke klynger, men også andre innovative miljø i heile fylket. Det er viktig at vi drar veksle på alle desse miljøa, og den kunnskapsinfrastrukturen vi har i fylket. Såleis blir det viktig å skape synergjar og utvikling gjennom samarbeid både mellom ulike geografiske område, organisasjonar og kompetansmiljø i fylket.

Plantema nr 3 «Innovative samfunn og like moglegheiter til å delta i verdiskaping»

Formålet med plantemaet er uklart og ein ser av høyringssvara at høyringsinstansane har lagt ulik innhald i plantemaet. Kva som ligg i innovative samfunn kjem ikkje fram i skildringa av plantemaet.

Vidare kjem det ikkje klart nok fram av planprogrammet korleis ein skal utvikle smarte byar og lokalsamfunn. Det er nemnt innleiingsvis under introduksjonen av dei fire plantema.

Smarte byar og lokalsamfunn (bygder) som verkemiddel femner vidt og vil gripe inn i alle plantema. Eitt av føremåla med dette plantemaet er å sjå samfunns- og næringsutvikling i samanheng. Slik sett, kan det vere naturleg å kople smarte byar og lokalsamfunn til dette plantemaet. I sitt høyrings svar peikar elles Vestlandsforskning på at ein bør skifte fokus i retning av «smart communities» for å bryte ned barrierar mellom by og land, og vise begge «partar» at ein er avhengige av kvarandre.

Vurderte planbehov regional planstrategi

Regional planstrategi har vore ute på høyring og blir vedteken seinare i haust. I denne saka gjer fylkesrådmannen difor greie for fylkesrådmannen sine vurderingar i forkant av vidare politisk behandling.

I høyringsrunden er det kome innspel om ein regional/temaplan for landbruk/jordvern. Fylkesrådmann vil tilrå at dette ikkje blir tatt til følgje, og viser m.a. til at landbruk blir behandla i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Jordvern vert ein del av kunnskapsgrunnlaget til ein framtidig Regional plan for areal.

Det er også kome innspel om ein regional plan for mineral og massehandtering. Fylkesrådmannen tilrå at temaet blir behandla i ulike regionale planar der Regional plan for innovasjon og næringsutvikling omtalar strategisk mineralstrategi. Dette vil såleis bli handtert i det vidare planarbeidet.

Ullensvang kommune med fleire kjem med framlegg om ein regional plan for vasskraft. Sunnfjord kommune har spelt inn det same i høve regional planstrategi. Det er regional planstrategi som tek stilling til regionale planar. Her innstiller ein på at det vert utarbeidd ein Regional plan for fornybar energi.

«Industristrategi for Sogn og Fjordane» var utegløynde i oversikta over gjeldande planverk i høyringsutkastet. Når det gjeld industristrategien, blir denne føreslått vidareført inntil vidare for så å innarbeide ein industristrategi i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Endra framdriftsplan

Fylkesrådmannen har gjort ei ny vurdering av framdriftsplanen som høyringsutkastet til planprogrammet la opp til. Erfaringane så langt viser at tidsplanen er for stram til å få ei forsvarleg saksbehandling og sikre god nok medverknad i planprosessen.

Fylkesrådmannen gjer difor framlegg om å endre tidsplanen slik at endeleg plan blir behandla i Fylkestinget i juni 2021. Dette i staden for i april 2021, som høyringsutkastet til planprogrammet la opp til. Endringane er lagde inn i det reviderte planprogrammet.

Med dette framlegget vil det vere rom for å setje av meir tid til arbeidet i arbeidsgruppene. Det er framleis ikkje optimalt, men vesentleg betre enn den tida som i utgangspunktet var sett av til dette arbeidet. Vidare vil sjølve høyringsrunden kome på eit gunstigare tidspunkt for kommunane – februar/mars i staden for desember/januar med høyringsfrist 15. januar.

Nærmare om etablering av arbeidsgrupper

Tidsplanen for arbeidet i arbeidsgruppene er stram. I høyringsutkastet er det lagt opp til ambisiøse krav til arbeidet i gruppene. Fylkesrådmannen tilrå difor ein tek dette ut av planprogrammet og at administrasjonen får fullmakt til å utarbeide eit meir tilpassa mandat for arbeidsgruppene som står i forhold til den tida arbeidsgruppene har til rådvelde.

Detaljane i eit slik arbeidsoppdrag kan først kome på plass når det endeleg planprogrammet er vedteke.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har heimel til å gjere vedtak i denne saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Planen vil på sikt påverka budsjett og økonomiske prioriteringar. Fylkesrådmannen arbeider med ei betre samordning mellom det fylkeskommunale budsjettet og eventuelle kostnader i handlingsprogrammet i regionale planer. Fylkesrådmannen føreset at ein regional plan styrer ressursar også frå andre partar i samarbeidet, og at budsjetta her ikkje er av same storleik som det fylkeskommunale budsjettet og økonomiplanen.

Klima: Vestland skal vera ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.

Folkehelse: Planen skal fremje opne og inkluderande arenaer slik at alle kan delta i verdiskapinga.

Regional planstrategi: Overordna mål med tilhøyrande strategiar er førande for planarbeidet.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at Planprogram Regional plan for innovasjon og næringsutvikling blir vedteke slik det ligg føre. Samstundes kjem fylkesrådmannen med framlegg om at planperioden for Regionalplan for innovasjon og næringsutvikling blir på 10 år. Framdriftsplanen blir endra i samsvar med endringar gjort i planprogrammet, og fylkesrådmannen får fullmakt til å utarbeide mandat og føringar for arbeidsgruppene